

Åse Hagesæter
Sandvikavegen 312
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5957 - 21/49277

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
07.07.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 205/1 Hakseter

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 205/1
Tiltakshavar: Åse Hagesæter

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.06.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ut frå kartet ser det ut som om parsellen som vert søkt overført ligg innanfor dele- og byggegrense mot vassdrag/elv/bekk med årssikker vassføring jf. Punkt 2.6.1 i føresegna til arealdelen av kommunedelplan for Lindås. Grensa er 20 meter der nedslagsfeltet er mindre enn 20 km². Om elva har årssikker vassføring må faren for flaum- og erosjonsfare vurderast og dokumenterast.
2. Me kan ikkje sjå at gbnr 205/19, Vestland Fylkeskommune, er nabovarsla. Før saka kan handsamast må alle naboar vera varsla i tråd med Pbl. § 21-3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.08.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Reknes Byggjevarer LI
Åse Hagesæter

Masfjordvegen 187
Sandvikavegen 312

5986
5915

HOSTELAND
HJELMÅS